



Hilleren Prosjektering
Skulebakken 2
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3449 - 17/32877

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
21.11.2017

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - Søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gbnr 107/5 Kolåsvegen 128

Tiltak: Søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle
Byggjestad: Gbnr: 107/5 Kolåsvegen 128
Tiltakshavar: Jan Tore Kolås
Ansvarleg søkjar: Hilleren Prosjektering

Delegasjonssak nr.: 534/17

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg for ny bustadtomt med 1 bustadeining datert 20.11.2017.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka: Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for ny bustadtomt med 1 bustadeining.

Vurdering/drøfting: Teknisk drift har vurdert at det er forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg. Vi spesifiserer at utvida bruk berre gjeld for 1 bustadeining.

Samandrag/konklusjon: Teknisk drift vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining under føresetnad om at det vert gitt delingsløyve for etablering av ny bustadtomt.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel frå kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler for bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til



geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- På dei første to metrane skal avkjørsle ha eit jamnt fall frå kommunal veg på 2,5% (5cm), på dei neste 50 metrane skal avkjørsle ha ein stigning på maks 1:8. Det vert anbefalt at vegen vidare ikkje har høgare stigning enn 1:8.
- Under avkjørsle skal det leggest ned dreneringsrør med indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle føreset at det vert gitt delingsløyve til ny bustad-tomt.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav til avkjørsle finn du på www.lovdato.no og www.vegvesen.no

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging/ utbetring av avkjørsle er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hilleren Prosjektering

Skulebakken 2

5355

KNARREVIK

733#3883:39791c0d-f10d-4918-b05d-9a32b4f21c74:5

